

Fråværsreglement for dei vidaregåande skulane i Vestland

Innleiing

Fråværsreglementet gjeld for deg som er elev i vidaregåande skule.

Dersom du har fråvær skal du melde frå til skulen same dag. Skulen skal følgje opp fråværet ditt frå første dag. Oppfølginga skal tilpassast årsaka til fråværet og behova dine. Målsetjinga er at du skal vere til stades og delta i opplæringa.

Rettane dine som elev

Elevens beste skal vere eit grunnleggjande omsyn ved alle handlingar og avgjersler som vedkjem deg. Du har rett til eit trygt og godt skulemiljø, som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring. Skulemiljøet omfattar både det fysiske og det psykososiale miljøet. Det er nulltoleranse for krenkingar, mobbing, trakassering og diskriminering. Skulen skal jobbe aktivt og systematisk for å fremje eit godt skulemiljø, der du skal kunne oppleve arbeidsro, trygghet og sosial tilhøyrse.

Pliktene dine som elev

Som elev har du plikt til å møte til alle undervisningstimar. Å vere til stades i timen er viktig for både din og andre si læring og for miljøet i klassen. Som elev skal du følgje skulereglane.

- Du skal møte presis og delta aktivt i opplæringa.
- Du skal melde frå til kontaktlærer/faglærer dersom du må forlate opplæringa i løpet av skuledagen.
- Du skal melde frå om fråvær første fråværsdag.

Fråværsgrense

Alt fråvær frå opplæring, uavhengig av grunn, skal i utgangspunktet telje med når skulen skal vurdere om du er innafør eller har overskride fråværsgrensa.

Om du har meir enn 10 prosent udokumentert fråvær, vil du som hovudregel ikkje få karakter i faget ved slutten av skuleåret (termin 2 /standpunkt). Du har likevel rett til å delta i opplæringa og rett til å få undervegs vurdering i faget.

Om årsaka gjer det klart urimeleg at fråværsgrensa skal gjelde, kan rektor vurdere om du likevel kan få vurdering med karakter med inntil 15 prosent udokumentert fråvær i eit fag. Læraren må ha tilstrekkeleg vurderingsgrunnlag for å gi standpunktkarakter eller halvårsvurdering med karakter.

Varsling

- Du vil få eit skriftleg varsel dersom du står i fare for å mangle vurderingsgrunnlag eller ikkje få karakter på grunn av høgt fråvær.
- Du vil få eit skriftleg varsel dersom du står i fare for å få karakteren nokså god (Ng) eller lite god (Lg) i orden eller i oppførsel ved halvårsvurdering med karakter eller i standpunktkarakter.
- Du skal få varsel så tidleg at du har høve til å skaffe deg karakter i fag eller ikkje få nedsett karakter i orden eller oppførsel.
- Dersom du er under 18 år, skal foreldra dine også få eit varsel.

Klagerett

- Avgjerda om å ikkje setje standpunktkarakter på grunn av høgt fråvær er eit enkeltvedtak. Du har klagerett etter opplæringsforskrifta § 10-5.

- Avgjerda om gi nedsett karakter i orden og oppførsel er eit enkeltvedtak. Du har klagerett etter opplæringsforskrifta § 10-6.
- Klagefristen er 10 dagar. Statsforvaltaren er klageinstans.

Registrering av fråvær

Faglærer skal registrere fråværet ditt fortløpande.

Dersom du kjem for seint til undervisninga, har du rett til å delta i opplæringa. Om du ikkje er til stades i ein vesentleg del av undervisninga, kan det bli ført fråvær for heile økta eller timen.

Forseintkoming kan bli registrert som ein merknad. Fleire merknader kan føre til nedsett ordenskarakter, jf. § 6 forskrift om felles skulereglement for Vestland fylkeskommune.

Du skal melde frå til faglærer dersom du oppdagar at fråværet er ført feil.

Fråvær frå opplæring som ikkje er omfatta av fråværgrensa

Dersom du er borte frå opplæringa på grunn av ein rett du har etter opplæringslova, skal fråværet ikkje telje med på fråværgrensa. Slikt fråvær kan til dømes vere:

- rådgiving på skulen
- utgreiing som blir gjennomført av PP-tenesta og Statped
- organisert studiearbeid som er avtalt med faglærer i forkant
- elevrådsarbeid, skuleadministrativt arbeid og deltaking på elevting i regi av Elevorganisasjonen o.l. som er godkjend av skulen
- avtalt samtale med rektor eller andre tilsette
- avtale med helsesjukepleiar på skulen
- intervju til læreplass
- særskilt, ny og utsett eksamen

Fråvær som du kan dokumentere

Eigenmelding for helserelatert fråvær opp til 10% i fag

Du skal fortløpande melde frå om helsefråvær på opp til 10%.

Helserelatert fråvær frå 10% i fag

Dersom du har nådd fråværgrensa, skal du leggje fram dokumentasjon på helserelatert fråvær som er over 10%. Du skal som hovudregel levere dokumentasjon på dette innan 14 dagar.

Anna fråvær som du kan dokumentere

For fråvær som ikkje gjeld helserelatert fråvær skal du som hovudregel levere dokumentasjon fortløpande. Dette gjeld for:

- velferdsforhold
- arbeid som tillitsvald (ikkje i regi av skulen)
- politisk arbeid
- hjelpearbeid
- lovpålagt oppmøte
- representasjon i arrangement på nasjonalt eller internasjonalt nivå
- fråvær i samband med religiøse høgtider dersom du er medlem av andre trussamfunn enn den norske kyrkja
- tryggleikskurs på bane, andre og tredje del av tryggleikskurs på veg i samband med trafikkopplæring til førarkort klasse B

Fråvær du kan krevje fjerna frå vitnemål eller kompetansebevis

Som hovudregel skal alt fråvær førast på vitnemål og kompetansebevis. Du kan krevje at til saman 10 heile dagar blir fjerna. Dette gjeld fråvær som er nemnt i punkta over med unnatak frå trafikkopplæring. Du kan ikkje krevje at timefråvær blir fjerna eller rekna om til heile dagar. Helsefråvær kan berre fjernast frå og med fjerde sjukdomsdag, dette gjeld òg eigenmeldt sjukefråvær. Fråvær på grunn av kronisk sjukdom kan fjernast frå første fråværsdag. Dersom du går i eit tilpassa løp kan rektor avgjere om fråværet skal førast i dagar og timar, eller berre i timar. Du kan også be om at årsaka til det dokumenterte fråværet bli lagt ved vitnemål eller kompetansebevis.

Privatisteksamen

Du skal ikkje ha fråvær for privatisteksamenar som inngår i fagvalet ditt. Det gjeld både skriftlege og ikkje skriftlege privatisteksamenar. Om privatisteksamen har førebuingssdag, skal det ikkje førast fråvær for denne.

Du har ikkje rett til fri dersom privatisteksamen blir arrangert etter skuletid, men du skal ikkje få fråvær dersom du må vere vekke frå skulen for å reise til eksamensstaden.

Du får ikkje fri til lesedag før privatisteksamen. Om du likevel vel å ta ein lesedag, skal det førast fråvær.

Om du skal ta privatisteksamen for å forbetre karakteren i fag skal du ha fråvær.

Køyreopplæring

Alt fråvær i samband med køyreopplæring blir ført på vitnemålet ditt.

Berre dette fråværet er unnateke fråværsgrensa (førarkort klasse B):

- 4 timar tryggleikskurs på bane (trinn 3)
- 9 timar tryggleikskurs på veg (del 2 og 3 av trinn 4)
- teoretisk og praktisk førarprøve
- nødvendig reisetid til desse kursa vil vere omfatta av det dokumenterte fråværet

Verknadstidspunkt

Fråværsreglementet for dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune gjeld frå **01.08.2025**.

For meir informasjon

- [Rundskriv om fraværsgrensen | udir.no](#)
- Forskrift om [skulereglar](#) i Vestland fylkeskommune §§ 5 og 6